



Torhild Vikebø Söderstrøm
Ievegen 209
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/818 - 17/9311

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
09.05.2017

Feie-/tilsynsgebyr for eigedomen gbnr 49/102

Administrativt vedtak. Saknr: 126/2017

Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 04.04.2017, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret på eigedomen gbnr 49/102 i Meland. Søknaden er ellom anna grunngjeven med at eigedomen ikkje har vore i bruk dei siste 10 åra og heller ikkje har godkjent fyringsmogelegheit.

Vurdering:

Eigedomen gbnr 49/102 i Meland er i matrikkelen registrert med ein fritidsbustad. Ingen fritidseigedomar skulle etter tidlegare forskrift/regelverk betale feie-/tilsynsgebyr.

Ved gjennomgang av vårt arkiv ser me at tidlegare eigar tok fritidseigedomen i bruk som heilårshus i 1994. Eigedomen vart då avgiftsmessig omregistrert til heilårshus og dåværande eigar fekk i brev av 09.11.1994 melding om at det måtte søkjast om bruksendring frå fritidsbustad til heilårshus. Det vart ikkje søkt om slik endring. Eigedomen vart frå 01.01.1995 registrert med feie-/tilsynsgebyr.

Frå 1. januar 2016 kom det ny forskrift om brannførebygging. Eit av tiltaka i den nye forskrifta er at fritidsbustader får same krav til branntryggleik som heilårsbustader.

04.04.2017 sendte førebyggjande avdeling for feiing og tilsyn i Meland og Lindås ut SMS der alle hytteeigarar vart varsla om den nye ordninga, også til noværande eigar av eigedomen gbnr 49/102.

Ettersom dette opprinneleg er ein fritidseigedomen og brannførebyggjande avdeling for feiing og tilsyn no innhentar opplysningar om dei ulike fritidsbustadane i kommunane Lindås og Meland, er det naturleg at dei i dette høve vurderer innkomne opplysningar.

Feie-/tilsynsgebyr for gbnr 49/102 for 2017 er innbetalt med kr 525,- inkl. mva.

Vedtak

«Meland kommune viser til vurderinga ovanfor og oversender søknaden, dagsett 04.04.2017, til førebyggjande avdeling for feiing og tilsyn for kommunane Meland og Lindås for vidare handsaming, sjå vedlegg.

Meland kommune ber om å verta orientert om utfallet i saka.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om fritak for feieavgift

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond
Smørdal
Førebyggjande avdeling for feiing og
tilsyn v/Vidar Hansen

Mottakere:

Torhild Vikebø Søderstrøm

levegen 209

5917

ROSSLAND